

Møteprotokoll

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU**

Møtestad: Telefonmøte

Dato: 19.02.2013

Tidspunkt: 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|----------|---------------|
| Ivar Kvalen | Leiar | |
| Karen Marie Hjelmeseter | Medlem | |

Følgjande medlemmer meldte forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|------------------|----------|---------------|
| Sven Flo | NESTL | |
| Gunnvor A. Sunde | MEDL | |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|-----------------|------------------|---------------|
| Oddmund Klakegg | Gunnvor A. Sunde | |

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

| Navn | Stilling |
|--------------|-----------------------|
| Steinar Lund | Nasjonalparkforvaltar |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|---|-------|--------------|
| ST 1/13 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 2/13 | Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om kjentmannskøyring i 2013 | | 2013/601 |
| ST 3/13 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Søknad om løyve til transport med snøskuter til Kvannebakkbu | | 2013/533 |

Arkivsaksnr: 2013/601-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 13.02.2013

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---------------------------------------|------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU | 2/13 | 19.02.2013 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om kjentmannskøyring i 2013

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, ved arbeidsutvalet, gir Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps løyve etter naturmangfaldlova § 48 til kjentmannskøyring på følgjande ruter med påfølgjande vilkår i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2013:

- Stardalen - Befringsdalen
- Strupen – Kvannebakkbu (kombinere for å frakte forsyningar til viktig naudhytte, sjå arkivsak 2013/533)
- Stardalen – Flatjordstøylen – Bjørga
- Stardalen – Høyvik – Haugastøylen – opp til Haugabreen
- Dvergsdalen – Salsegga – brekanten av Grovabreen
- Veslebotnen – Steinheia – Brekulen - Snønipa

Vilkår:

- Inntil to turar på kvar rute, med inntil tre snøskuterar per tur.
- For ruta Strupen – Kvannebakkbu kan dette løyvet erstatte løyvet i arkivsaksnr. 2013/533 (transport av materiell til Kvannebakkbu) for 2013.
- Tidsrom: Fram til og med 22. mars (fredag før palmehelga).
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn ved Anne Rudsgen (tlf. 95 96 38 88), som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn.
- Ein rapport med dato for turar, trase, og tal snøskuterar skal sendast til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni 2013.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 19.02.2013

Vedtak

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknadar (to stk.) av 29.1.2013 frå Røde Kors Hjelpekors Sogn og Fjordane
- Løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til kjentmannskøyring i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2010-2012, i brev datert 29.1.2010
- Brev frå Miljøverndepartementet med retningslinjer for redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og i verneområde, datert 31.1.2013.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25. oktober 1991
- Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Røde Kors Hjelpekors Sogn og Fjordane søker om løyve til å gjennomføre kjentmannskøyring med snøskuter i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2013. Røde Kors Hjelpekors har tidligare hatt eit fleirårig løyve i perioden 2010-2012, godkjent av politimeisteren i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I påvente av nye retningslinjer for øvings- og kjentmannskøyring frå Miljøverndepartementet, har korpsa venta med å sende inn søknad. Dei nye retningslinjene frå Miljøverndepartementet er datert 29.1.2013, og korpsa har ikkje hatt moglegheit til å utarbeide ein øvingsplan i tråd med desse nye retningslinjene for denne sesongen. Derfor blir det søkt om eit løyve for 2013 basert på tidligare godkjent øvingsplan. Frå 2014 er det forventa at ein ny øvingsplan er godkjent og ein kan vurdere fleirårige løyve.

Det er søkt om følgjande trasear:

Jølster Røde Kors Hjelpekors:

- Stardalen - Befringsdalen
- Strupen – Kvannebakkbu (kombinere for å frakte forsyningar til viktig naudhytte, sjå 2013/533)
- Stardalen – Flatjordstøylen – Bjørga
- Stardalen – Høyvik – Haugastøylen – opp til Haugabreen
- Dvergsdalen – Salsegga – brekanten av Grovabreen

Gloppen Røde Kors Hjelpekors:

- Veslebotnen – Steinheia – Brekulen - Snønipa

Det er søkt om å bruke fire snøskuterar på to turar på kvar trase, og i tillegg turar med to snøskuterar dersom ytterlegare strengt nødvendig behov for køyring.

Heimel

Etter «*Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder*» datert 31.1.2012 skal søknad om kjentmannskøyring behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Vurdering

Forvalningsstyresmaka skal etter retningslinjene vurdere søknaden etter fyrste alternativ i naturmangfaldlova § 48, «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig....». Vidare skal dei «miljørettslege prinsippa» i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn for handsaming av søknaden, jf. naturmangfaldlova § 7.

Formålet med vernet er definert i verneforskrifta pkt. III:

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Snøskutertransport er eit framandelement i eit verneområde, som bryt med oppfatninga av eit område i naturleg tilstand. Samtidig er det ei forbigåande uroing, som ikkje fører med seg varige inngrep i landskapet. Bruk av snøskuter fører med seg støy og forstyrring, som kan vere til skade for dyreliv, og virke forstyrrende for utøvarar av friluftsliv i eit område der ein ikkje forventar å møte på motorisert ferdsel. Friluftsliv er eit av verneføremåla i nasjonalparken, og den førebyggjande redningstenesta er viktig for ålmenta si utøving av friluftsliv. Redningstenesta har behov for å gjere seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei skal gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte, og for å sikre eigne hjelpefolk.

Kjentmannskøyring med snøskuter er difor vurdert til å vere naudsynt, samtidig som det ikkje er til varig skade for verneverdiane. Eg meiner kunnskapen om naturmangfaldet i området generelt er godt nok til å vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8), samtidig som at det grunnlag for å sette vilkår for eit eventuelt løyve som tek omsyn til dyreliv og utøvarar av friluftsliv.

Tal skuterar per tur:

Røde Kors Hjelpekorps søker om å bruke inntil fire skuterar på to turar, og elles turar med to skuterar dersom ytterlegare strengt nødvendig behov for køyring. Det er argumentert for at fleire snøskuterførarar må bli kjent i områda, slik at det er nok å ta av når det vert oppdrag. På fellesmøtet i februar understreka Røde Kors Hjelpekorps at erfaringane frå førre periode viste at dei trengde fleire kjende snøskuterførarar for å kunne gjennomføre oppdrag med god nok sikkerheit for eigne mannskap. Eit løyve for fleire enn to skuterar gir Røde Kors Hjelpekorps moglegheit til å ta med mannskap frå eit av nabokorpsa på kvar av traseane. Det vil vere aktuelt at fleire hjelpekorps deltek i lag

på redningsaksjonar. Frå Fylkesmannen si side blei det på fellesmøtet understreka at det har kome reaksjonar frå turfolk som har møtt fleire skuterar i følgje.

For mange snøskuterar i kolonne vil kunne ha negativ påverknad på andre interesser. Det er difor ei avveging mellom «nok» og «for mange». Ein auke til fire skuterar ser eg på som så stor at konfliktpotensialet blir for høgt. Tre snøskuterar per tur bør kunne tillatas som ei prøveordning dette året. Dette gir Røde Kors Hjelpekorps moglegheit til å ta med mannskap frå eit av nabokorpsa på kvar av traseane. Sidan konfliktpotensialet opp mot opplevelinga av stille og urørt natur blir større, er det avgjerande at løyvet blir gitt for ein periode der konfliktpotensialet er minst mogleg (jf. naturmangfaldlova § 12). Med slike omsyn, samtidig som at det er lite annan aktivitet i dei aktuelle områda, vurderer eg det til at den samla belastninga ikkje blir for stor (jf. naturmangfaldlova § 10).

Tal kjentmannsturar:

Røde Kors Hjelpekorps søker om to turar med fire snøskuterar og i tillegg eit uspesifisert tal turar med to snøskuterar. Som søkerane skildrar i søknadane, varierer snøforhold og veret i høgfjellet både frå år til år og gjennom vinteren. Endringane er ofte veldig raske. Det er då viktig at redningstenesta kjenner området. GPS-logg vil kunne vere til hjelp, men snømessige forhold vil endre seg og tidlegare observasjoner og GPS-logg vil ikkje alltid hjelpe. For å vere best mogleg førebudd på oppdrag søker Røde Kors Hjelpekorps om sjølv å bestemme talet på turar og når dei skal gjennomførast. Forvaltaren vurderer at den raske og stadige endringa av veret i høgfjellet viser behov for generell kunnskap, som t.d. handtering av snøskuter under ulike forhold. Uansett kor mange kjentmannsturar som blir gjennomført, må snøskuterføraren vurdere og handtere snømessige forhold der og då. Dei fleste og mest kritiske oppdraga er knytt til dårleg ver, kanskje med heilt nye snømessige forhold. Kjentmannskøyringa vil gje viktig informasjon om terrenget der ein skal køyre (skrentar, elvefar og liknande) og området rundt (vurdering av skredfare og liknande), men ein kan ikkje vente å ha detaljkunnskap om lokale snøforhold til ei kvar tid. Kjentmannsturane må vere ein del av den samla opplæringa for redningsmannskapet. Ein øvingsplan vil både gje ei oversikt og systematisere dette arbeidet. Utan den overordna vurderinga i ein øvingsplan vurderer eg det til å vere for dårleg grunnlag til å gi løyve til fleire turar enn det som blei gitt i førre periode, dvs. to turar.

Tidsplan for løyve:

Som omtala varierer snøforhold og vêret i høgfjellet både frå år til år og gjennom vinteren. Det må også takast omsyn til at den frivillige redningstenesta må bruke fritida si til kjentmannskøyring, og dette må samanfalle med bra vêr. Det er difor viktig at tidsrommet for gjennomføring av kjentmannsturane er stort nok. Forvaltaren vurderer at det er viktig å vere klar til påskeutfarten, men at turar for å gjøre seg kjent i området bør kunne gjennomførast før påske. Dette sikrar at konfliktpotensialet med turgåarar blir minst mogleg. For dyrelivet er det òg ein fordel at motorferdsla ikkje blir gjort for seint på vinteren, då dette generelt sett er ein sårbar periode (jf. naturmangfaldlova § 12).

Trasear

I løyvet frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for perioden 2010-2012 blei det gitt løyve til dei same traseane Jølster Røde Kors Hjelpekorps søker om no. Gloppe Røde Kors Hjelpekorps fekk den gongen avslag på å få bruke trakkemaskin for å kome seg opp på breen på traseen Veslebotnen – Steinheia – Brekulen – Snønipa. Frå Fylkesmannen si side blei det vurdert som aktuelt å gi eit eingongsløyve for å sjå om det er mogleg å

kome seg opp på breen med snøskuter. Eg vurderer det òg som tenleg å prøve dette i år, og frå neste år ta dette med i vurderinga i ein samla øvingsplan.

Traseane det tidligare er gitt løyve til blei den gongen vurdert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og politimeisteren som tenlege ut i frå Røde Kors Hjelpekorsets sitt behov, og til å ta omsyn til verneverdiane i tilstrekkeleg grad. Så langt eg kjenner til tilseier ikkje erfaringa med dette løyvet at traseane bør endrast av omsyn til verneverdiane. Det er likevel aktuelt å setje som vilkår for eit eventuelt løyve at Statens naturopsyn ved Anne Rudsengen blir varsle om kjentmannskøyringa seinast dagen før, slik at ho kan gi melding om det må takast spesielle omsyn (jf. naturmangfaldlova § 12).

Arkivsaksnr: 2013/533-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 05.02.2013

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---------------------------------------|------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU | 3/13 | 19.02.2013 |

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Søknad om løyve til transport med snøskuter til Kvannebakkbu

Innstilling frå forvaltaren

Løyve med heimel i forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt, blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil tre turar (tur-retur) per år, med inntil to snøskuterar kvar gong i åra 2013-2015 til Kvannebakkbu, med utgangspunkt Befring.

Løyve blir gitt på vilkår av at:

- Bruk av snøskuter gjeld i perioden 1. januar til 30. april, med unntak av sundagar, heilagdagar og i perioden palmesøndag – 2. påskedag.
- Omfanget av snøskuterkjøring avgrensar seg til det som er strengt naudsynt.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen skal få beskjed seinast dagen før transporten skal gjennomførast, på tlf. 95 96 38 88.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får ein kort rapport innan 1. juni kvart år om dato og omfang (tal skuterar, mengde transportert) for turane.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 19.02.2013

Vedtak

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Jølster Røde Kors Hjelpekors, datert 29.1.2013

Søknaden

Jølster Røde Kors Hjelpekors søker om løyve til å transportere materiell til Kvannebakku med snøskuter. Dei søker om å få bruke to snøskuterar på inntil tre turar i året. Dei søker om løyve i tre år, til og med juli 2015. I søknaden opplyser dei om at dei vil avgrense transporten til berre ein tur i året dersom dei får med seg alt, men vêr og føre er avgjerande for at transporten skal kunne gjennomførast, og difor ber dei om løyve til inntil tre turar i året.

Lovgrunnlag

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, jamfør verneforskrifta pkt. 4, 4.3, andre strekpunkt.

Verneforskrifta, pkt. IV, 4.3, femte avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*

Vurdering

Naturen sine eigne lydar, «stillheit» og fråvere av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimum.

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta, pkt. III):

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Kvannebakku er ei redningshytte som står open for ålmenta. Ho ligg på 1500 moh, og har ein viktig funksjon som naudbu like ved breplatået.

Snøskutertransport fører med seg støy og forstyrring, som kan vere til skade for dyreliv, og vere forstyrrende for folk i området. Forvaltaren kjenner ikkje til at det er registrert spesielt sårbart biologisk mangfold i området som kan bli skadelidande av transporten. Dei særskilde verdiane som er registret i området er ikkje sårbart på denne årstida (som til dømes ein viktig naturtypelokalitet i Strupen). Verneverdiane i området er i stor grad knytt til landskapsverdiar og urørte naturområde. Bruk av snøskuter i nasjonalparken er eit framandelement som kan verke inn negativt på opplevinga av eit

stort, variert og verdfullt område i naturleg tilstand. Samtidig er forstyrringa av ein kortvarig karakter. Forvaltaren vurderer kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet og effekten av påverknadane av snøskutertransport til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). I denne delen av nasjonalparken er det lite anna aktivitet som bidreg til at den samla belastninga på økosystemet kan bli for stor (jf. nml. § 10). Det er søkt om å bruke to snøskuterar på til saman inntil tre turar per år. Det er forventa at søkjær vel den mest tenlege traseen ut frå lokalkunnskap og vær- og føreforhold, og at det difor ikkje er grunnlag for å sette vilkår for å sikre miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (jf. nml. § 12). Naturmangfaldlova § 11 er vurdert til å ikkje vere relevant i denne samanheng.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer det til at det vil vere behov for transport av materiell til ei slik hytte, og behovet vil truleg vere nokonlunde konstant frå eit år til neste. Jølster Røde Kors Hjelpekorps skriv i søknaden at dei ikkje vil køyre fleire turar enn det som er nødvendig. Erfaring frå tidligare løyve viser at omfanget av transporten blir avgrensa til det som er naudsynt. Vanskelege vær- og føreforhold har òg gjort at sjølv om det er gitt løyve for åra 2008-2010, er det berre gjennomført ein tur i 2008. Eit fleirårig løyve kan difor vere fornuftig for å sikre at behovet for transport blir dekka over ein periode på fleire år. Det er søkt om løyve fram til og med juli 2015. Tidligare løyve har blitt gitt fram til 30. april. Grunngjevinga for dette er at det frå 1. mai og utover ofte er mange skigåurar i dette området. Eit løyve i den perioden vil kunne vere forstyrrende for friluftslivet, og eg meiner difor at det er grunnlag for å avgrense løyvet til å gjelde fram til og med 30. april, slik som tidligare. Det har òg vore praksis at løyvet av omsyn til friluftslivet ikkje gjeld for sundagar, heilagdagar og i perioden palmesøndag til 2. påskedag.